



2018 / 12169-2

**Det kongelege samferdselsdepartement
Det kongelege kommunal- og moderniseringsdepartement**

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|--------------|----------|---------------|
| 2018/12169-1 | 17/2170- | 10. juli 2018 |

Framtidig byvekstavtale for Bergensområdet – svar på fråsegn om involvering av kommunane

Vi viser til brev av 25. juni 2018 med fråsegn fra Hordaland fylkesting om at alle kommunane som fra 2020 vil utgjere kommunane Alver, Nye Øygarden og Bjørnefjorden, blir invitert direkte eller indirekte inn i forhandlingane om ein byvekstavtale for Bergensområdet.

Partane i gjeldande byvekstavtale for Bergen er staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Utviklinga i kommunane rundt Bergen har stor innverknad på det framtidige transportbehovet og om vi klarer å nå nullvekstmålet for persontransport med bil i Bergensområdet. I reforhandlingane av avtalen som no er starta opp, har Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ønskt å utvide avtaleområdet med dei kommunane som ifølge Regional areal- og transportplan for Bergensområdet er definerte som regionsenterkommunar med regionale vekstsoner nær Bergen. I brev av 17. april 2018 inviterte vi derfor Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen, Askøy, Fjell, Lindås og Os til forhandlingar om byvekstavtale for Bergensområdet.

Målet for byvekstavtalene er at veksten i persontransporten i byrområdene skal takast med kollektivtransport, sykling og gange. Effekten av tiltak vil vere størst der det er mange reisande. I forhandlingane for Bergen og omkringliggende kommuner ønsker vi derfor å finne gode løysingar for å handtere dei store trafikkstraumane inn mot og i Bergen. Sidan den største befolningsveksten er venta i dei regionale vekstsonene i Bergen og regionsentra rundt, vil staten prioritere areal- og transporttiltak i desse områda. Vi ser det derfor som naturlig at Askøy, Fjell, Lindås og Os kommunar, som alle har regionsentrums med vekstsoner, deltek i forhandlingane. Vi vurderer det ikkje som aktuelt å invitere fleire partar direkte inn i forhandlingane på noverande tidspunkt.

Vi har stor forståing for at Fjell, Lindås og Os ønsker å forankre den pågående prosessen med Radøy, Meland, Fusøya, Øygarden og Sund kommunar i lys av dei frå 2020 vil utgjere dei nye kommunane Øygarden, Alver og Bjørnefjorden. Departementa legg til grunn at avtaleområdet blir utvida i tråd med dei nye kommunegrensene etter samanslåinga.

6. juni 2018 var det oppstartsmøte i politisk styringsgruppe for byvekstavtalen, som blir leia av Samferdselsdepartementet. Forankring av den vidare prosessen hos dei kommunane som ikkje deltek direkte i forhandlingane, blei drøfta i dette møtet. Det blei peikt på ulike måtar å løyse dette på, til dømes ved å bruke fellesnemndene som er etablerte i samband med kommunesamanslåingane, utvide referansegruppa for gjeldande byvekstavtale eller ved at kommunane får ei observatørrolle.

Dei vidare forhandlingane vil skje i administrativ forhandlingsgruppe som er leia av Statens vegvesen. Vi meiner det bør vere opp til partane i denne gruppa å vurdere korleis dei fem kommunane som ikkje deltek direkte i forhandlingane, kan involverast på ein god måte. Samstundes ber vi om at partane tek omsyn til ønsket frå departementa om effektivitet og framdrift i forhandlingane.

Vi ser fram til eit godt samarbeid med fylkeskommunen og kommunane i Bergensområdet i den vidare prosessen med byvekstavtalen.

Med helsing

Ketil Solvik-Olsen
Samferdselsminister

Monica Mæland
Kommunal- og moderniseringsminister

Kopi:
Vegdirektoratet